



Arkivnr: 2016/5571-8

Saksbehandlar: Nils Egil Vetlesand

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		22.02.2017
Fylkestinget		07.03.2017

## Refusjon av forskottering - avtale med Åsane Handel AS

### Samandrag

Åsane Handel AS har søkt om å få fastsett nærare tidspunkt for refusjon av forskottering på 15 mill. kr til utbygging av parsellen Åsamyrdal i Åsane.

Fylkesrådmannen foreslår i saka at summen vert betalt attende med ein halvpart kvart av åra 2022 og 2023 og at han får fullmakt til å inngå avtale om dette.

### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner at Åsane Handel AS får refundert forskottering på 15 mill. kr med ein halvpart kvart av åra 2022 og 2023.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Åsane Handel AS.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 30.01.2017****Bakgrunn**

I samband med utbygging av parsellen Åsamy-Nyborg i Åsane har Åsane Handel AS forskottert 15 mill. kr til fylkeskommunen. Åsane Handel AS har vendt seg til fylkeskommunen med spørsmål om å få nærare fastsett tidspunkt for refusjon av forskotteringa.

I budsjettet for 2017 er det ført opp at denne forskotteringa vert refundert etter 2020. Refusjonstidspunkta for forskotteringane er nærare spesifisert for den komande økonomiplanperiode, jf. tabelloversyn i budsjetteftet med årleg tidfesting.

Forskotteringar med refusjonstidspunkt seinare enn økonomiplanperioden er ikkje spesifisert til konkret årstal. Praksis er at dette vert rullert årleg i samsvar med at økonomiplanperioden går eit år lenger fram.

Åsane Handel AS søker om å få nærare spesifisering av refusjonstidspunktet til konkret årstal.

**Fylkesrådmannen sine merknader**

Ved inngangen til 2017 stod det att å refundera vel 530 mill. kr av forskotteringar for fylkesvegutbyggingar. Det er lagt opp til nedbetaling av denne summen i økonomiplanperioden på vel 320 mill. kr slik at ein ved utgangen av 2020 etter planen er komen ned i ein restsum på 210 mill. kr, om det ikkje kjem til vesentleg nye forskotteringar i perioden.

Fylkesrådmannen rår til at Åsane Handel AS får refundert forskotteringa med ein halvpart kvart av åra 2022 og 2023. Dette vert innarbeidd i seinare budsjett og økonomiplanar. Det vert vidare foreslått at fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Åsane Handel AS i samsvar med dette.

Saka vert lagt fram for fylkestinget til avgjerd sidan ein ved å inngå avtale med Åsane Handel AS disponerer budsjettmidlar utover komande budsjettår.